Fra: Johann Roppen
Til:
Emne: NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 27/2021, 17. AUGUST - Studiestart i dag!
Dato: tirsdag 17. august 2021 10:11:38

NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 27/2021, 17. AUGUST

Lukke til med starten på studieåret 2021-2022!

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.
Redaktør: Rektor Johann Roppen, johann.roppen@hivolda.no.
Arkiv med tidlegare nyhendebrev.

Les nyhendebrevet i Mailmojo-format

UTVALDE NYHENDE:

Helsing til nye studentar: Nedbygg utanforskap, styrk demokratiet, tenk internasjonalisering
I helsinga til nye studentar hausten 2021 seier eg at utdanningar frå Høgskulen i Volda gir vekst for den einskilde, og for samfunnet ei utdanning frå Høgskulen i Volda vere med på å løyse store samfunnsutfordringar: Bygge ned utanforskap, styrke demokratiet og bidra til internasjonalisering. Les også helsinga frå leiar i studentparlamentet Trond Fredrik Hagemann Hoddevik.

Høgskulen fjernar meterkravet i undervisning
Kriseleiinga ved Høgskulen i Volda vedtok måndag 16. august å fjerne kravet om at studentar og tilsette skal ha ein meters avstand i undervisning. Høgskulens felles timeplan vert endra så snart det let seg gjere, men avdelingane og fagmiljøa kan fritt gjere endringar innanfor undervisningsroma dei disponerer. Kriseleiinga presiserer at i alle andre samanhengar gjeld framleis meterkravet og alle andre smitteverntiltak. Les meir på nettsidene våre.

Sjå velkomstvideoane til nye voldastudentar
Opninga av studieåret 2021-2022 startar med ein velkomstvideo der nye studentar får smakebitar på kva Høgskulen i Volda, studiebygda og regionen har å by på. Videoen er produsert av Oclin AS og er tilgjengeleg på Youtube.

Her er programmet for Fadderveka 2021
Fadderveka i Volda i 2021 involverer ca. 1.000 studentar som fadderar eller fadderbarn. Veka starta med fadderfrukost for fadderane med innslag frå blant andre Studentsasmkipnaden og Politet. I år som i fjor er fadderbarna av smittevernomsyn delte i fleire og mindre grupper enn tidlegare år og mange av arrangementa blir lagt utandørs.

KORONA:

Få lokale tilfelle av korona - framleis smitte i regionen
Dei siste dagane har det vorte meldt om nokre svært få tilfelle av korona i Volda og Ørsta -

det siste den 14. august. I andre kommunar i regionen er det meldt om utbrot av korona. I Ålesund vart det søndag 15. august konstatert 20 smitta, som er høgste smittetal som har vore der i løpet av pandemien.

Drop-in testing på Høgskulen i Volda ved studiestart
I samband med studiestart får studentar tilbod om testing utan førehandsbestilling på Høgskulen (drop-in testing). Det blir difor oppretta ein mellombels teststasjon på Høgskulen før og under studiestart: Måndag 16. august, tysdag 17. august, torsdag 19. august og tysdag 24. august. Teststasjonen er open kl 13-15 på C-paviljongen. Les meir på nettsidene våre.

Gruppetesting av studentar
Einskilde studentgrupper ved Høgskulen i Volda kjem til å få tilbod om bli testa som gruppe. Studentane testar seg sjølv med den velkjende pinnen i nasen, og alle pinnane for ei gruppe av studentar blir så testa under eitt. Om det dukkar opp smitte så må kvar einskild student i gruppa ta ein individuell test. Gruppetestinga er ein del av eit prosjekt i regi av Helse Møre og Romsdal og for studentar og Høgskulen må gruppetestinga først og fremst reknast som ei form for stikkprøve som kanskje kan gi kunnskapar til nytte for handtering av seinare pandemiar.

Følg med på informasjon frå kommunen og Høgskulen i Volda
Alle tilsette og studentar blir oppmoda til å følgje med både på Høgskulen og Volda/Ørsta kommune sine nettsider der det er oppdatert informasjon om korona.
Koronainformasjon frå Volda kommune.
Koronainformasjon frå Høgskulen i Volda.
Koronainformasjon frå Ørsta kommune.

STYRE OG STELL OG HØGSKULEOMRÅDET:

Flybuss til/frå flyplassen - nytt tilbod frå 23. august
Frå 23. august 2021 blir det mogleg å reise kollektivt til og frå Ørsta-Volda Lufthamn, Hovden. Det er lokalrutene med nr 338 og 340 som køyrer innom flyplassen til/frå Ørsta/Volda når det er bussavgangar som passar med rutetidene. Les meir på nettsidene Avinor.

Høyring: Støttar framlegg frå Språkrådet
Høgskulen i Volda støttar framlegget frå Språkrådet om reviderte retningsliner for normering av nynorsk og bokmål. Høgskulen peikar likevel på at om ein skal legge til grunn eit "bruksprinsipp", altså korleis språket utviklar seg, så kan digital ordretting og privat normering påverke utviklinga.
Her er alle høyringssvara.

Høyring: Ønsker grense for eigenbetaling
Regjeringa vurderer ulike modellar for eigenbetaling av studium og har sendt eit framlegg på høyring. Høgskulen i Volda seier i sitt høyringssvar at Høgskulen meiner det er best med ei fast grense for eigenbetaling av etter- og vidareutdanning og meiner 25 prosent kan vere eit passande nivå. Høgskulen meiner ei viss eigenbetaling er med på å gjere det meir forpliktande for studentar å delta, og vil auke gjennomføringsgraden. Samtidig vil ei avgift på 25 prosent ikkje vere for høg for studentar. Her er høyringsframlegget og svara.

STUDIUM OG STUDENTLIV

Velferdsgruppa kjem på velferdsturne - inviter dei gjerne
Gjennom ein «Omsorgsturné» ønskjer Velferdsgruppa på Høgskulen i Volda å vere med å gi alle nye studentar ein best mogleg studiestart ved å gi informasjon om helse- og velferdstilbodet som studentane har tilgang på. Presentasjonen på «Omsorgturnéen» tek ca. 15 min. Programansvarlege kan tinge besøk på passande tidspunkt sine studium ved å fylle ut dette skjemaet.

Her er tilboda i høgskulepedagogikk hausten 2021 – nokre ledige plassar
Vi har fortsett ledige studieplassar på fleire av våre høgskulepedagogikk-kurs, men søknadsfristen nærmar seg. Er du ein av dei som trenger/ønskjer å ta eit slikt kurs no, kan det difor vere lurt å sende inn søknaden allereie no. Hausten 2021 skal desse kursa haldast:
HPE 207: Pedagogisk basiskompetanse, søknadsfrist 01.09.21
HPE 204: Digital didaktikk i mitt fag og mine emne, søknadsfrist 01.09.21
HPE 206: Rettleiing av mastergradsstudentar, søknadsfrist 01.09.21
HPE: Rettleiing på metode (under utvikling, meir informasjon kjem seinare).
Her er meir informasjon om emna, samlingsdatoar, og korleis ein kan søke.

NYTT OM TILSETTE - LEDIGE STILLINGAR

Ni ledige stillingar ved Høgskulen i Volda - 4 stipendiatstillingar
Det er for tida ni ledige stillingar ved Høgskulen i Volda: Høgskulelektor i mat og helse, seniorkonsulent i studieadministrasjonen, førsteamanuensis/førstelektor i pedagogikk, økonomi- og eigedomssjef, ph.d.-stipendiat i norsk, ph.d.-stipendiat i nynorskopplæring, ph.d.-stipendiat i samfunnsfagdidaktikk, ph.d.-stipendiat i design, kunst og handverk. Les meir om stillingane på nettsidene våre.

PUBLISERINGAR

Send gjerne tips!
Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon når du har lenke til ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert. Hugs også på å registrere publiseringane dine i Cristin.

Nye rapportar, studentoppgåver og andre arbeid
Arkivet "Bravo" er Høgskulen i Voldas nettstad for formidling av bachelor- og masteroppgåver, forskingsrapportar og andre arbeid. Arkivet er gratis tilgjengeleg for alle på nettsidene til biblioteket ved Høgskulen i Volda. Nye bidrag i Bravo finn du her.

Kristine Vaadal har publisert i tidsskriftet Sexualities
Høgskulelektor Kristine Vaadal, ASH, har publisert artikkelen "From hooking up to staying in? Women negotiating appropriate sexuality in nightlife with age" i tidsskriftet Sexualities (Sage).

MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR

Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.

Haustsemesteret 2021:
17.8.2021: Studiestart 2021
26.8.2021: Webinar: The Gamers' Skills and Competence, and the future's need for Gamers (Seanse)
30.8.-5.9.2021: The North West-konferansen (Ålesund)
9.9.2021: Styremøte
23.-26.9.2021: Animation Volda
24.8.2021: Forskingsutvalet
24.-28.09.2021: Forskingsdagane 2021
29.-30.09.2021: Karrieredagane 2021 (Ørstahallen)
30.9.-1.10.2021: 50-års jubileum for Avdeling for mediefag
6.10.2021: Utdanningsutvalet
7.10.2021: Forskingsutvalet
14.10.2021: Råd- og utvalsdag. Kurs for studentrepresentantar.
20.10.-21.10.2021: Styreseminar og styremøte
21.-22.10.2021: Jubileumsmarkering: Sosialfag 50 år
26.10.2021: Opningsmarkering Sivert Aarflot-huset - avduking av kunstverk (med atterhald)
3.-4.11.2021: Utdanningsdagane 2021
24.11.2021: Utdanningsutvalet
25.11.2021: Forskingsutvalet
9.12.2021: Styremøte
15.12.2021: Utdanningsutvalet

Vårsemesteret 2022:
9.2.2022: Internasjonal dag
16.2.2022: Utdanningsutvalet
17.2.2022: Forskingsutvalet
3.3.2022: Høgskulestyret

20.4.2022: Utdanningsutvalet
21.4.2022: Forskingsutvalet
25.4.2022: The Northwest, Ålesund (med atterhald om dato)
5.5.2022: Høgskulestyret

1.6.2022: Utdanningsutvalet
2.6.2022: Forskingsutvalet
16.6.2022: Høgskulestyret

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA
https://www.hivolda.no/stilling

REKTORBLOGGEN
17.8.2021: Opningshelsing til nye studentar
Alle innlegga på rektorbloggen

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.
Facebook
Instagram
Youtube
HVO-bloggar
Nynorsksenterets blogg.
Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget

Mediehuset - nytt om huset og bilde av bygginga

STUDENT- OG ØVINGSMEDIA:
Knaggen (portal for studentmedia)
Studentradioen
Radio Volda
Nærsynet
Nærnett

Med venleg helsing
Johann Roppen
Rektor
Høgskulen i Volda

Telefon: 47 28 64 23
www.hivolda.no

Miljøfyrtårn